

Region Nordhordland Helsehus IKS - Styret si årsmelding 2018

Type verksemd og lokalisering

Region Nordhordland Helsehus IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Selskapet har kontor i Knarvik. Selskapet skal planlegga, byggja og drifta eit Region- og helsehus til offentlig tenesteyting, fortrinnsvis helse - og omsorgstenester for kommunane i Region Nordhordland.

Rekneskapsmessig resultat

Driftsrekneskapen viser eit meirforbruk på kr 105.102,-. Dette er administrasjons- og møtekostnadar. Meirforbruket vil bli dekkja inn av leigeinntektene når huset er realisert. Investeringane i 2018 er kr 25.129.126,-. Totalt er det no investert kr 64.149.261,- i prosjektet. Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisebilde av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Aktivitet

Fire tilbydarar leverte tilbod til totalentreprisen. Etter ein runde med forhandlingar og evaluering, vart Consto valt som totalentreprenør og kontrakt gjeld frå 6. august 2018. Consto har brukt hausten til planlegging og start av detaljprosjektering. Riving av eksisterande bygningar skjedde i oktober/november. Grunnarbeidet starta opp i desember. Flytting av Telenoranlegget var utfordrande med omsyn til framdrift i grunnarbeidet, og vert fullført i første del av januar 2019.

Likestilling/HMS

Selskapet har ingen fast tilsette pr. 31. desember 2018. Styret består av to kvinner og tre menn. Det er ikkje sett i verk særskilte likestillingstiltak.

Påverknad av det ytre miljø

Selskapet har ikkje vore til last for det ytre miljø. Aktuelle problemstillingar vert fylgd opp i prosjektet.


Grunnlag for fortsatt drift

Etter styret si vurdering er det grunnlag for fortsatt drift av verksemda.


Knarvik, 11. april 2019



Håkon Matre
Styreleiar




Torbjørn Nævdal
Styremedlem / nestleiar



Rita Tveiten
Styremedlem



Solfrid Olsen Farestveit
Styremedlem



Steinar Hunskaar
Styremedlem



Rune Heradstveit
Dagleg leiar